

LISTE OVER BREV VI ALDRI HAR FÅTT SVAR PÅ FRÅ ADMINISTRASJONEN I ALVER

Vi trur dette skal vere dei viktigaste ubesvarte breva som vedrører saka. Og det er jo ikkje berre det at vi ikkje får svar, men at INGEN TING SKJER - og då **mot betre vitande**.

Vi kan sende brev enkeltvis som vedlegg du/de kan opne - ev. sende alt.

Gje tilbakemelding om det er ønskje om noko av dette.

Mvh Elin og Henry Fanebust

| Dato | Adressat i adm. Alver | Innhald i brev/mail - i stikkord |
|-----------------------|---|---|
| 20.09.20 | Landbruk v/Nyhammer | Oppl. om at no er 6,6 da innmarksbeite fjerna på 99/4. Spørsmål: Har kommunen gitt løyve til den enorme utskytinga som no finn stad? |
| 17.03.21 | Alver kommune, Plan og bygg/ Landbrukssjefen | Gnr.99 bnr.4: 7 mål innmark av 25 er tatt bort utan søknad el. konsesjon. Det <i>vesentlege</i> inngrepet krev heilt klart søknad etter P&B-lova (kap.20,§20-1,bokstav k). Som naboar skal vi då motta varsel (§21-3) |
| 14.06.21 | Plan & Bygg/ Landbrukssjefen/ Miljø og tilsyn | Viser til vårt brev av 17.03., og at det på postlista står merka som tilsynssak med 1.prioritet, utan at noko skjer. Informerer om at ulovleg heving pågår med fleire høgdemeter i det gamle, sårbare tunet. Ufatteleg at det ikkje vert stoppa sidan saka har 1.prioritet. |
| Juli 21, kort mail | Plan og bygg + Landbrukssjef | Store mengder jord vert no grave ytterlegare av på 99/4, ber nokon om å gripe inn så det vert stoppa |
| 16.09.21 | Tilsyn v/Eirik Berntsen | 12 konkrete spørsmål i etterkant av APM-synfaringa 1.9.2021, sidan administrasjonen i praksis hindra reell synfaring |
| 01.11.21 | Byggesak/Tilsyn/Landbruk | Forventar tilbakeføringsplan frå kommunen, ber om å få innsyn i denne |
| 26.11.21 | Alver kommune, administrasjonen | Vi ber om at kommunen må lage tilbakeføringsplan basert på fakta-grunnlaget , og ber påny om innsyn når planen er klar |
| 10.04.22 | Tilsynsavd. v/ E. Berntsen | Ulovleg utviding held fram trass tilbakeføringskrav. 2 relevante og konkrete spørsmål til dette. |
| Juli 22, Kort mail | Plan og bygg v/sakshands. Larissa Dahl | Kort info-mail om at ulovleg muring har halde ytterlegare fram, muren er no nøyaktig 6 meter høg. Ber komm. gripe inn |
| 18.08.22 | Plan og bygg v/sakshands Larissa Dahl. | Spm: Har komm. klarert dei enorme mengdene med stor-stein som no vert innført med to semi-trailerar i timen over mange dagar på 99/4 ? I så fall, kven har gitt løyve? |
| 21.09.22 | Plan og bygg v/sakshands. Larissa Dahl | Vedr. «Søknad om igangsetjingsløyve for montering av renseanlegg, gnr 99/4, Våge» av 05.08.22. Saksnr 147/21 Vi har på kommunen si postliste funne søknad av 05.08. om igangsetjingsløyve for montering av renseanlegg. Dette går jo ikkje an! Dette arbeidet var alt utført før søknaden var sendt,sjå foto-vedlegg av 22/7-22. |
| 28.09.22 | Plan og bygg v/sakshands. | <u>Gnr. 99 bnr. 4 Våge - Fakta-opplysningar og oppdateringar i saka</u> |

| | | |
|----------|--|---|
| | | I samband med at adm. no skal gjere greie for dei faktiske forholda for APM, og sidan her har vore lite synfaring, tillet vi oss å sende 2 dronebilete med litt fakta-informasjon som vi meiner adm. har bruk for. |
| 18.10.22 | Tilsynsavd. v/Eirik Berntsen | INNSPEL I ETTERKANT AV TILSYNET TIRSDAG 11.10.22 Dette brevet er for å gjere merksam på dei store mengdene frigjort masse som vert utløyst v/tilbakeføringa mellom grenselinja og landbruksvegen (jfr.vedtak), og at dette då naudsynt må kome i første rekkje/skje først. |
| 04.11.22 | Are Grande og Eirik Berntsen | <u>99/4 har starta opp att arbeidet med renseanlegg trass avslag 28.10.</u> |
| 13.11.22 | Plan og Bygg v/Grande Tilsyn v/Berntsen | <u>99/4 held fram ulovleg arbeid - i strid med vedtak av 28.10.22</u> 99/4 fekk 28.10. avslag på søknad om igangsetjingsløyve for minirensanlegg med røyr i grunn. Likevel starta dette arbeidet opp att fire dagar etter avslaget, onsdag 3.11. Vi melde frå om dette til kommunen dagen etter, med mail til Grande og Berntsen 4.11. |
| 17.11.22 | Tilsyn v/Berntsen Kort mail | NY ULOVLEGHEIT BEGÅTT på 99/4 TORSDAG 17.11.: Utan søknad eller løyve har 99/4 torsdag 17.11. skote passasje gjennom den grunne ryggen i myra (der landbruksvegen eigentleg var omsøkt og godkjent). Vi konstaterte same kveld at det rann ei stri, illeluktande og brun elv ut frå myra – og til Fjellangervågen. Dette er miljøkriminalitet. |
| 11.12.22 | Plan og bygg v/sakshands. Larissa Dahl | <u>Oppdaterte bilete frå i dag viser påbegynt grunnarbeid, trass vedtatt krav om tilbakeføring før 99/4 kan starte dette. Konkrete spørsmål til sakshandsamar om forholda, vi ber om skriftleg tilbakemelding.</u> |
| 11.12.22 | Plan og bygg v/sakshands. Larissa Dahl | Vi legg ved dei to skriva vi har sendt APM i forkant av to siste APM-møte. Vi ber om at desse skriva vert lagt ved saka, SAKSNR. 683/22, då dei inneheld naudsynte, oppdaterte fakta for saka. Vi krev vidare at det <u>ugyldige bakkeplaneringskartet av 22.05.22. vert tatt ut og fjerna frå saka, og erstatta med gyldig, revidert bakkeplaneringskart av 30.05.22 (sjå vedlegg).</u> Vi må be om å få ei skriftleg tilbakemelding når dette er gjort, vi må vere 100% sikre på at ugyldig kart ikkje vil dukke opp på eit seinare stadium. |

Viktig tillegg:

Vi fekk ikkje rammesøknaden for 99/4 til uttale som vi skulle hatt våren 2021.

Vi fann tilfeldig på nett like før APM-møtet i juni. I søknaden, som vi aldri hadde fått, kunne vi lese ei heil side med grove usannheiter under overskrifta «Naboer på 99/1», altså oss, med grove påstandar om våre motiv og direkte oppmoding til kommunen om å ikkje ta hensyn til ev. klager frå oss. Vi var hindra i å kunne tilbakevise alle dei grove usannheitene grunna sakshandsamingsfeilen at vi aldri mottok søknaden. Samtidig la det grove innhaldet føringar for adm. si innstilling til vedtak i saka. Det er for oss lett å sjå at det også har lagt føringar for heile den vidare saksgangen hjå adm.

Vi krov i bev til Alver si byggesaksavd. 27.09.21 å få tillagt saka ei tilbakevising vi då hadde utforma og la ved, og at dette blei journalført i saka. **Vi fekk aldri svar på dette brevet heller.**

